



Frode Sæbø sikrar seg boka. Han er ein av dei som har bidrege til det interessanne innhaldet i boka.

Laurdag for ei veke sidan lanserte Kristian Hus boka si om bygdeoriginalen Tjerand Aske, «Den sindige villmannen». Vel 60 personar møtte fram til lanseringa i Sjøstova på Borgundøy. Forfattaren gav dei frammøtte eit godt innblikk i livet til denne evnerike personen som ikkje alltid var like heldig med det han gjorde. Han fortalde også om arbeidet med boka.

Kristian Hus har lagt ned eit stort arbeid for å skaffa grunnlag til å skriva boka om dette spesielle kvardagsmennesket frå det avsidesliggjande småbruket på Borgundøy. Dette har han skaffa seg ved å intervju personar som kjende til Tjerand Aske, ved å grava i gamle lokalaviser og andre arkiv. På det viset har han funne fram til tidlegare lite kjende ting om denne kunnskapsrike eventyraren og hardhausen.

Frå tidlegare hadde vi høyrte om Tjerand Aske som han som sykla og gjekk på ski over Folgefonna, og om dyretragediane som var knytte til han. Kristian Hus teiknar eit langt meir ekte og nyansert bilde av denne interessane personen frå Borgundøy. Hus kan kunsten å skriva om kvardagsmenneske!



Det var interessant å høyra Kristian Hus fortelja om arbeidet med boka under lanseringa på Sjøstova

At vi i Uskedalen kjenner mest til dyretragediane, er nok naturleg. Dei fleste sauene i den andre dyrevernsaka hamna nemleg her i bygda. Tidlegare har de lese her på sida om sauene på Musland, og at Aske budde under ein hidlar fleire dagar og lurte seg inn i fjøset for å sjå sauene sine om nettene. Det er også blitt kjent at ein del av sauene hamna på Kjærland. Hans Reidar Kjærland kan fortelja at far hans, Leif Kjærland, overtok ein del av sauene som kom frå Aske.

Hans Reidar fortel at dyrlækjar Tore Bratseth tok kontakt med far hans og spurde om han hadde plass til sauene. Grunnen til dette var sikkert at dei hadde teke i bruk ny låvebygning. Den gamle løa stod framleis der Hans Reidar har våningshus i dag. Leif Kjærland sa han kunne ta nokre, men han hadde ikkje plass til alle. På spørsmål frå Bratseth etter andre, føreslo Leif då at han kunne høyra med Torger Musland som han hadde god kontakt med. Dermed hamna sauer frå Aske både på Kjærland og Musland.

Hans Reidar fortel vidare at han hugsar det banka på døra ein kveld etter det var blitt mørkt. Utanfor stod ein uflidd og langhåra kar, Tjerand Aske, med spørsmål om sauer frå han var der. Leif kunne bekrefte det, og då Tjerand spurde om å få sjå dei, blei Leif med han bort i gamleløa slik at han fekk gjensyn med dei kjære dyra sine. Etter at dei hadde sett sauene, baud Leif han inn på kveldsmat. Hans Reidar hugsar denne langhåra og ustelte mannen som lite snakkesaleg, men han var svært takksam for måten han vart motteken på, og for maten. Han spurde om dei visste kor resten av sauene var, og Leif fortalde då at ein del var på Musland. Aske ville då sjå dei også. Han vart då tilbydd overnatting slik at han kunne gjera det neste dag. Det takka han ja til. Neste dag for han tidleg av garde før han fekk frukost. Leif og kona Margit var i fjøset og mjølka, og Tjerand Aske var innom og takka for seg før han for på dalen med kurs for Musland. Hans Reidar hugsar at mora, Margit, hadde eit svært styr med vask av sengkleda etter dette besøket.

I boka 'Den sindige villmannen' får vi også høyra korleis Frode Sæbø som bur i Korsnes, hugsar Tjerand Aske. Sterkast i minnet har han då Aske gråtande og ropande heldt i landtauet og prøvde å halda båten igjen då sauene hans vart henta. Frode var då mannskap på 'Fjelldur' som frakta sauene. Dei opprivande scenane gjorde sterkt inntrykk på 16 åringen.

I boka klarer Kristian Hus også å få fram andre og interessante sider ved denne spesielle, evnerike eventyraren som døydde uventa på gata i Oslo om lag 70 år gammal. Det er ei interessann bok, også for oss som kjende lite eller inkje til 'Den sindige villmannen'. Dette er god lokalhistorie frå ei nær fortid. Boka har gode illustrasjonar og bilete på god papirkvalitet. Den er å få kjøpt hos bokhandlarane på Husnes og i Rosendal samt nokre andre butikkar. Den kan også tingast på epost: kristian@skimtvvis.no

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland